

Innhald

Undervisning, rettleiing og retting når målet er korrekt nynorsk	2
Globalskolen.....	2
Mål og utfordringar	2
Undervegsvurdering.....	3
Det digitale klasserommet.....	5
Norsksidene til Globalskolen	5
Læringsverktøy	7
Tekstbehandling	7
Stavekontroll	7
Lexin	8
Nynorskordboka	8
Omsetjingsprogram.....	9
Rettleiing og retting.....	9
God setningsbygnad	10
Aktiv og passiv	10
Rettskriving og grammatikk.....	10
Valfrie former	10
Genitiv	11
Nynorsk ordforråd	11
Å lese og skrive nynorsk	11
Opplæring som gjev resultat	12
Oppsummering.....	13
Litteraturliste	14

Undervisning, rettleiing og retting når målet er korrekt nynorsk

For 18 år sidan var eg med på å starte Globalskolen. På den tida hadde eg jobba 18 år på ungdomstrinnet i vanleg skole. Nettundervisning for barn i grunnskolealder var nytt, og mykje nybrottsarbeid måtte til. Eg er framleis lærar i «verdas største klasserom». Elevane mine møter eg til vanleg berre på nettet. I denne teksten ser eg både bakover og framover og stiller følgjande spørsmål: Korleis kan eg som lærar i 10. trinn skape eit digitalt skrivemiljø som hjelper elevane med å skrive korrekt nynorsk? I lys av planar, retningslinjer, faglitteratur, rettleiingar og eigne erfaringar vil eg grunngje vala eg tek.

Globalskolen

Globalskolen, som dette skoleåret har 1400 elevar, gjev supplerande grunnskoleundervisning i norsk, samfunnsfag og KRLE til norske barn som går på internasjonale eller lokale skolar i utlandet. I denne nettskolen bruker vi ikkje lærebøker, men digitale verktøy, læremiddel og nettressursar. Globalskoleelevane skal ha 15 innleveringar i kvart semester, og arbeidsomfanget skal vere på minimum 90 minutt per leksjon. Det er vesentleg mindre enn timetalet elevar i Noreg har i desse faga. Norskfaget har 2/3 av tidsressursen i Globalskolen, og elevane skal, som i vanleg skole, ha opplæring i både hovudmål og sidemål (Kunnskapsdepartementet, 2015). Kvar elev får vurdering på alt innlevert arbeid frå kontaktlæraren sin.

Alle innleveringar i 10. trinn vert rekna som norskarbeid, sjølv om nokre av oppgåvene kan vere knytte til samfunnsfag og/eller KRLE. Elevane får alltid vurderingar som dei vert oppfordra til å ta omsyn til i seinare arbeid, og i kvart semester er det to skriveprosessar som går over til saman fem leksjonar. Den eine skriverunden er på hovudmålet til eleven, den andre på sidemålet. Elevane får rettleiing undervegs i skriverundane og retting og vurdering når kvar skriveøkt er fullført.

Mål og utfordringar

Globalskolen byggjer undervisninga si på Kunnskapsløftet og retningslinjer for kompletterande undervisning (Kunnskapsdepartementet, 2015). Etter 10. trinn skal eleven mellom anna kunne uttrykke seg med eit variert ordforråd og meistre formverk, ortografi og tekstbinding (Læreplan i norsk (NOR1-05), 2013).

Elevane er på ulike nivå, og når det gjeld rettskriving, kan dei også ha ulike utfordringar. Nokre systemfeil går att i mange arbeid. Eg har mellom anna sett at innblanding av

bokmålsord og bøyingsformer på bokmål er vanlege i fleire elevarbeid. Det kan vere ein naturleg konsekvens av massiv bokmålspåverknad som elevane våre også blir utsette for (Proba samfunnsanalyse, 2014, s. 2). Mange slit dessutan med feil knytt til særskriving og samanskriving. «Særskriving som feiltype har for eksempel økt de siste tiårene, parallelt med en sterk britisk og amerikansk kulturpåvirkning generelt» (Hoaas, 2009). Elevar som har budd ute i fleire år, kan også ha utfordringar med samanblanding av utanlandsk og nynorsk syntaks. Rekkefølga av subjekt (S), verbal (V) og objekt (O) er ikkje den same i alle språk. Norsk er eit SVO-språk, og nokre av elevane kan kome i kontakt med SOV- og/eller VSO-språk (Hognestad, 2013).

Læraren må setje seg inn i det den einskilde elev allereie kan, og ta utgangspunkt i dette. Både skriveprosessar og andre innleveringar opnar for mykje individuell rettleiing, slik at ein kan hjelpe eleven der han er. Lærestoffet elevane møter, oppgåvene dei får, og rettleiinga læraren gjev, bør, på grunn av knapp tid, vere spissa. Elevane må mellom anna få hjelp til å få orden på formverket, meiste ortografi og ha god setningsbyggnad. Ungdomstrinnselevar i Noreg får vurdering med karakter i norsk munnleg, norsk hovudmål skriftleg og norsk sidemål skriftleg. Hovudmålskarakteren og sidemålskarakteren tel like mykje. Eit viktig delmål må då vere at elevane får hjelp til å skrive så korrekt nynorsk som mogleg ved slutten av 10. trinn – anten dei har nynorsk som hovudmål eller sidemål.

Undervegsvurdering

Utdanningsdirektoratet har laga sida «Hva er underveisvurdering?» (2015). Her les vi at det er fire prinsipp som er sentrale for å få til ei undervegsvurdering som fremjar læring:

- Elevane skal forstå kva dei skal lære, og kva som er forventa av dei (læringsmål).
- Dei skal få tilbakemeldingar som fortel om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen (kjenneteikn på måloppnåing).
- Dei skal få råd om korleis dei kan forbetre seg (suksesskriterium).
- Elevane skal vere involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga utvikling (sjølvrespons).

Direktoratet skriv at desse fire prinsippa er tufta på forskning. Dei er også ein del av forskrift til opplæringslova. Alle elevar har med andre ord rett på undervegsvurdering. Elevane må kunne forstå kor dei er, kor dei skal, og korleis dei skal komme vidare (op.cit).

Universitetslektor Anne Håland held fram at god skriveopplæring handlar om å byggje eit skrivemiljø som støttar skrivninga på fleire måtar. Ho viser til den russiske teoretikaren Vygotskij som skil mellom eleven sitt noverande utviklingsnivå, den næraste utviklingssona og det moglege utviklingsnivået (2016, s. 25). Når eleven møter personar med større kunnskapar enn han sjølv har, kan han få utvida eiga innsikt, eigen kunnskap og eigen lærdom (Håland & Loenzen, 2007, s. 26). «Jerome Bruner nyttar omgrepet støttande stillas om den hjelpa eleven får medan han er i den næraste utviklingssona. (...) Etter kvart som elevane tileignar seg kunnskapar og nærmar seg den moglege utviklingssona, kan stillaset rivast» (Håland & Loenzen, 2007, s. 27). Målet er altså at eleven på lengre sikt skal kunne løyse det han ikkje har fått til, sjølv. Når det gjeld rettskriving, vil det for dei aller fleste elevane likevel vere nye utviklingsmål å ta tak i.

Proessorientert skrivning vil seie å sjå skrivning som ein prosess der ein tekst vert til gjennom fleire skriverundar med innlagde responsar (Håland, 2016, s. 195). I slike skriverundar legg eg vekt på at elevane først skal få på plass eit innhald som er svar på skrivebestillinga, og som er tilpassa mottakaren. Deretter får eleven hjelp med rettskriving, språk og teiknsetjing.

Proessorientert skrivning er tidkrevjande arbeid både for den som skriv ein tekst, for eleven som skal gje respons, og for læraren som både skal gje tilbakemeldingar og framovermeldingar på moment som omfattar meir enn korrekt nynorsk.

Formativ vurdering er informasjon om eleven sitt arbeid medan det er i prosess. Ein skal identifisere sterke og svake sider ved prestasjonen og gje innspel til utvikling. Målet er å få eleven til å yte best mogleg (Gamlem, 2014). Eit viktig poeng er å gje respons så tidleg at han kan nyttast i arbeidet eleven held på med. Informasjon ein gjev i sluttvurderinga av eit arbeid, vil sjeldan føre til omskriving av ein tekst, men kan vere nyttig for seinare arbeid.

Undervegsvurdering i grunnskolen er all vurdering frå 1. trinn og fram til standpunktkarakterar vert sette i 10. trinn. «Den skal være et redskap i læreprosessen, gi grunnlag for tilpasset opplæring og bidra til at elever og lærlinger øker kompetansen sin i fag» (Utdanningsdirektoratet, 2015). Læraren skal motivere, undervise, vurdere, rettleie og rette. Han må kunne faget sitt godt. «Læraren må vere trygg i formverk og rettskriving og kunne formidle dei nynorske stilideala med styrke og glød» (Fretland & Søyland, 2015, s. 109).

Det digitale klasserommet

I dag finst det fleire digitale verktøy, hjelpemiddel og ressursar elevane kan bruke. I Globalskolen nyttar vi mange slike. Alle hjelpemiddel er rett nok ikkje eigna i skolen fordi dei ikkje tener formålet med skriveopplæringa.

Norsksidene til Globalskolen

Globalskolen har elevar i omtrent 100 ulike land. Tidleg fann skolen ut at læremiddel på nett var eit betre alternativ enn lærebøker. Nettressursar er lette å oppdatere, tilgjengelege dei fleste stader og kan vere både multimediale og interaktive. I år 2000 starta eg arbeidet med å utvikle opne norskreressursar på bokmål og nynorsk på www.norsksidene.no. (Dette er ein del av læremidla Globalskolen utviklar. Alle klassane har læremiddel tilpassa målgruppa i nettklasseromma sine.) Høgskulen i Volda, Språkrådet og Skrivesenteret har gjeve verdifulle innspel til Norsksidene. Sidene om rettskriving har nokre tema som er like på begge målformene. Det gjeld mellom anna forvekslingsorda og/å. Mange av ressursane er likevel laga med tanke på at bokmål og nynorsk er to ulike målformer med ulik bøyning av til dømes verb og substantiv. Nynorsk grammatikk har fått stor plass på ressurssidene, og det finst også andre språksider.

Eg har utvikla om lag 550 interaktive oppgåver til Norsksidene. Dette er mellom anna fleirvals- og utfyllingsøvingar, diktatøvingar, kryssord og dra og slepp-øvingar. I fleire oppgåver har eg lagt inn hjelp og forklaringar dersom eleven svarer feil. Desse øvingane kan elevane bruke når dei testar ut kunnskapen sin i til dømes rettskriving og grammatikk. Eit viktig poeng med slike testar er at ein får respons med ein gong ein ber om å få kontrollert eit svar.

Dataspill i skolen kan knyttes til digitale ferdigheter, men også de øvrige grunnleggende ferdighetene (lesing, skriving, regning og muntlige ferdigheter) kan øves opp ved å bruke dataspill. (...) Dataspill i skolen har også en egenverdi rotfestet i motivasjon, interaktivitet, kreativitet, lek og samarbeid. (Guttormsgard & Skaug, 2014, s. 1)

Spelprega øvingar kan altså gje auka motivasjon, og det er bra når ein skal kome seg vidare i læringsarbeidet. At lærarar kan spare seg mykje rettearbeid med å bruke slike interaktive øvingar, seier seg sjølv. Ein må likevel vere merksam på at det er spørsmål knytt til dimensjonen delvis rett, heilt rett eller feil svar ein kan måle med slike øvingar.

Norsksidene til Globalskolen kan alle bruke til både undervising, rettleiing og retting. Google Analytics fortel at det i snitt var 9 242 brukarar kvar skoledag på sidene i veke 47 (2016).

I responsar kan eleven få informasjon og utfordringar slik det er vist i dei to eksempla nedanfor:



Figur 1. Skjermdump av Google Analytics etter veke 47

Vi kallar det samanskriving når uttrykk eller grupper av ord vert skrivne i eitt, utan mellomrom. Når ord i eit uttrykk eller ei ordgruppe vert skrivne kvar for seg, kallar vi det særskriving. Sjå [denne sida](#). Prøv gjerne ekspertoppgåva. Kan du rette opp feil som er knytt til særskriving og samanskriving i teksten din?

Eg ser at du ikkje heilt har forstått korleis vi bøyer inkjekjønnsord i nynorsk. Les [denne sida](#) og prøv øvinga som høyrer med. Deretter prøver du å rette opp slike feil i teksten din.

Alle inkjekjønnsord har endinga **-et** i bestemt form eintal, inga ending i ubestemt form fleirtal og **-a** i bestemt form fleirtal.

Eintal		Fleirtal	
Ubestemt form	Bestemt form	Ubestemt form	Bestemt form
Eit menneske	mennesket	menneske	menneska

> Øving


Figur 2. Skjermdump frå Norsksidene om inkjekjønn

Norsksidene og andre relevante nettressursar kan gjere det vesentleg lettare å kommentere for eksempel rettskriving fordi både elevar og lærarar kan lage peikarar til kvalitetssikra ressursar. «Digitale ferdigheter i norsk er å bruke digitale verktøy, medier og ressurser for å innhente og behandle informasjon, skape og redigere ulike typer tekster og kommunisere med andre» (Læreplan i norsk (NOR1-05), 2013).

Læringsverktøy

Fordi globalskoleelevane er spreidde over store deler av verda, må undervisninga vere asynkron. Globalskolen nyttar læringsverktøyet PedIT, og her legg lærarane ut leksjonar og vurderingar. Det lettar samarbeidet mellom elevar og lærarar å kunne gjennomføre undervisninga bak innlogg i nettklasserom der berre dei som skal ha innsyn, får det. Samstundes opnar læringsverktøyet for at elevar kan publisere tekstar for klassen, for skolen eller ope på Internett. Slik tek ein på alvor at det elevane skriv, skal ha fleire reelle mottakarar enn læraren. Det motiverer også til å arbeide med mellom anna korrekt nynorsk i tekstar.

Testgruppe



Figur 3. Skjermdump av framsida til eit skriveprosessrom i PedIT

Tekstbehandling

Tekstbehandlingsprogram har revolusjonert skriveopplæringa. «Tekstar har blitt langt lettare å omskrive og forbetre. Motsetningspar som «kladd»/»innføring» er snart utryddingstrua» (Askeland & Falck-Ytter, 2010, s. 110). Det er positivt for motivasjonen elevane treng, når dei skal forstå at eit sisteutkastet ikkje bør vere det same som eit førsteutkastet på ein tekst. Å kunne bruke digitale verktøy er dessutan ei grunnleggjande ferdigheit (Læreplan i norsk (NOR1-05), 2013). I den digitale kvardagen nettelevene og nettlærarane må vere i, er tekstbehandling altså eit innlysande val.

Stavekontroll

Læreplanen i norsk seier at elevane etter 10. trinn skal meistre ortografi (2013).

Stavekontrollen i tekstbehandlingsprogram kan gje ei viss hjelp. Dersom ein har brukt eit ord som ikkje finst i ordlista til stavekontrollen, får ein varsel om det. Det kan kome fleire rettingsforslag, men stavekontrollen fangar ikkje opp alle feil i syntaks eller grammatikk, og dessutan kan han ikkje avgjere om enkeltord som er brukte i ein tekst, passar i samanhengen. Ofte kan stavekontrollen rapportere feil fordi samansette ord ikkje står i ordlista.

Stavekontroll med oppdaterte ordlister i tekstbehandlingsprogram og nettlesarar kan likevel vere nyttige hjelpemiddel i korrekturarbeidet elevane sjølve skal gjere.

Lexin

Fleire elevar blandar bokmålsord inn i tekstar dei skal skrive på nynorsk. Stavekontrollen kan avsløre slike feil, og det kan læraren og/eller ein medelev også gjere viss eleven ikkje sjølv har funne feila. Lexin-ordboka Utdanningsdirektoratet har lagt inn på sida si, kan omsetje enkeltord frå bokmål til nynorsk. Slik hjelp kan elevane ha stor nytte av når ordtilfanget dei har kontroll på, er i minste laget (2016).

Nynorskordboka

Nynorskordboka til Språkrådet og Universitetet i Bergen er etter mitt syn eit av dei viktigaste hjelpemidla elevane har når dei arbeider med tekstar på nynorsk. Nettordboka viser offisiell rettskriving på denne målforma, der oppslaga mellom anna inneheld definisjonar og brukseksempel. Ordboka har no fullformsbøying av både substantiv, sterke og svake verb og adjektiv. Er ein til dømes usikker på samsvarsbøying av verb og adjektiv, kan grammatikkressursen på Norsksidene og ordboka også her gje god støtte. Skal ein ha full nytte av Nynorskordboka, må ein ha innsikt i grammatikk. Sjå eksempel på kommentar ein kan gje:

Korleis kan du bøye verbet *å hoppe*? Sjå [Nynorskordboka](#). Klikk bøyingskoden v1 på sida du kjem til.

Oppslagsord Ordbokartikkel

[hoppe](#) I **hoppe f2** (av II *hoppe*, eigenleg 'passgjengar'; nemninga på grunn av den humpande gonga) høhest, merr

[hoppa](#) II **hoppe v1** (norr. *hoppa*)

[hoppe](#)

Bøying i samsvar med 2012-rettskrivinga:

hoppe	Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum	Imperativ
v1	å hoppa å hoppe	hoppar	hoppa	har hoppa	hopp

hoppe	Perfektum partisipp				Presens partisipp
	Hankjønn/hokjønn	Inkjekjønn	Bunden form	Fleirtal	
v1	hoppa	hoppa	hoppa	hoppa	hoppande

Figur 4. Skjermdump frå eit oppslag i Nynorskordboka

Er ein usikker på korleis eit ord skal skrivast, skriv ein inn minst to bokstavar. Ordboka listar då alle oppslag som begynner med desse bokstavane. Færre oppslag får ein ved å skrive inn fleire bokstavar. Det er òg mogleg å bruke trunkert søk. **bok* listar alle ord som sluttar på dei tre bokstavane etter stjerne-teiknet i dette eksemplet. Bokmålsordboka og Nynorskordboka har felles IP-nummer, og ordbøkene er lovlege hjelpemiddel på eksamen (Språkrådet, 2015).

Det er svært fornuftig å nytte ordbøkene utanom eksamen òg. Det må vere mykje betre enn å bruke ordbøker som ikkje er reviderte etter den siste rettskringsreforma i 2012 (Språkrådet, 2012).

Omsetjingsprogram

Det finst fleire maskinomsetjingprogram som kan vere til hjelp når ein skal skrive tekstar på nynorsk. Eitt av desse er Apertium (2016). Denne nettressursen kan omsetje heile dokument frå bokmål til nynorsk. Resultatet vert sjeldan godt. På eksamen er det ikkje høve til å bruke slike program (Utdanningsdirektoratet, 2016).

På ein konferanse om framtida til norskfaget tok lektor Sonja Arnesen til orde for at ein bør gjere forsøk med omsetjingsverktøy på eksamen – eit forsøk som ho meinte er særleg aktuelt for dei som har nynorsk som sidemål. Arnesen rekna med at forslaget kunne skape noko støy (LNU-seminar, 2016). Tekstskapinga må elevane sjølve ta eit stort ansvar for, og måla som er sette for dei skriftlege ferdigheitene etter 10. trinn, er dei same i sidemål som i hovudmål.

Opplæringa elevane får, anten dei har nynorsk som hovudmål eller sidemål, må altså vere så god at dei kan klare seg utan hjelpemiddel dei ikkje har lov til å bruke på eksamen. Apertium og liknande program er ikkje tenlege verktøy elevane bør bruke.

Rettleiing og retting

Elevane har fleire digitale hjelpemiddel og ressursar dei kan nytte når dei arbeider med tekstar på nynorsk. Det gjer at dei kan rette opp feil før dei sender tekstar inn til undervegs- eller sluttvurdering. I norskfaget er det eit kompetansemål at elevane skal kunne gje tilbakemelding på andre sine tekstar ut frå faglege kriterium (Læreplan i norsk (NOR1-05), 2013). Det kan ligge mykje læring i det. Feil elevane sjølve ikkje har funne, kan læraren peike på, og han kan vise veg til korleis dei kan rette dei. Nedanfor vil eg peike på nokre utfordringar som er særleg aktuelle når elevane arbeider med tekstar på nynorsk.

God setningsbygnad

Noko av det viktigaste med ein nynorsk tekst er at setningsbyggnaden er god. «Det er ikkje nok å byte ut enkeltord når ein skriv nynorsk eller omset frå bokmål. Vi må bruke ein meir verbal og aktiv stil for å få godt mål. I nynorsk er stilidealet ‘mest mogleg munnleg og greitt’» (Askeland & Falck-Ytter, 2010, s. 106–107). Dobbelt bestemming er eit anna kjenneteikn på god setningsbygnad. *Den norske regjeringa* er betre en *den norske regjering*. Ytringane bør heller ikkje vere for lange. Det som står mellom to store skiljeteikn, bør ikkje vere meir enn 22–25 ord (Vinje, 1998).

Aktiv og passiv

Når subjektet utfører handlinga, har vi ei aktiv verbform. Passiv kan vi i nynorsk lage med hjelpeverba å bli/verte eller ved å leggje -ast til stammen av verbet etter visse modale hjelpeverb. Vi kan bruke passiv når vi ikkje veit kven som handlar, eller når vi ikkje vil røpe kven som gjer noko. «Sjølv om passiv i nynorsk er fullt mogleg, bør vi tenkja på at uttrykksmåten ofte vil bli like god eller betre om vi nyttar aktiv og dermed klargjer kven som handlar» (Språkrådet, s.a). Ytringa *Skriv elevresponsen til rett tid!* er eit imperativ som fortel kven som skal gjere kva. Ein tekst er skriven i klarspråk dersom mottakaren finn det han treng, forstår det han finn, og kan bruke det han finn til å gjere det han skal (Språkrådet, s.a.).

Rettskriving og grammatikk

For førsteinntrykket av ein tekst er det viktig at orda er stava korrekt, og at eleven meistarar grammatiske reglar i språket. God rettskriving, saman med rett teiknsetjing og godt språk, lettar kommunikasjonen mellom sendar og mottakarar av tekstar. «Utviklingen av skriftlige ferdigheter i norskfaget forutsetter systematisk arbeid med formelle skriveferdigheter, tekstkunnskap og ulike skrivestrategier. Det innebærer å kunne uttrykke seg med stadig større språklig sikkerhet på både hovedmål og sidemål» (Læreplan i norsk (NOR1-05), 2013).

Valfrie former

Dei fleste orda vi finn i Nynorskordboka, har berre éin skrive- og bøyingsmåte. Men det finst også ord og grupper av ord som har valfrie former. «Det er rimeleg at ein held seg til ein og same skrivemåte av enkeltord gjennom ei tekst», skriv Språkrådet i ei rettleiing (s.a.). Grunnskoleelevar bør kunne halde seg til anten e-infinitiv eller a-infinitiv. Kløyvd infinitiv er truleg eit for avansert alternativ for dei fleste. Da/då, vi/me og skule/skole er eksempel på ord som kan ha ulike skrivemåtar i nynorsk. Nokre ord har valfri j, for eksempel *tenkje* eller *tenke*.

Språkrådet meiner at ein bør halde seg konsekvent til eitt av dei ulike alternativa innanfor same tekst. Slike utfordringar meiner eg mange elevar, kanskje med litt rettleiing, kan få til.

Genitiv

S-genitiv har alltid vore i bruk i nynorsk, men i mindre omfang enn i bokmål. I nynorsk vel vi gjerne andre måtar å uttrykkje eigeforhold, eigenskapar og ulike former for tilknytning på. Vi kan for eksempel nytte genitiv med preposisjon – *sykkelen til Katrine* eller samansette ord – *skolebiblioteket*. I staden for genitiv med -s kan vi bruke omskriving med leddsetning: *Dei bestemte kor pultane skulle stå*. Det er mogleg å nytte genitiv på –s i nynorsk òg. Det gjeld for eksempel ved særnamn som i *Arnes piano* eller i uttrykk for tid: *ein times arbeid*.

Skrivereglane som gjeld for genitiv i nynorsk, er lista opp på Norsksidene, og reglane kan elevane lese og øve på når dei arbeider med tekstar på denne målforma (2016).

Nynorsk ordforråd

Det er viktig at elevane lærer seg dei vanlegaste nynorske orda som skil seg frå bokmål. Det kan ordboka Lexin hjelpe dei med. Men elevane bør byggje opp eit aktivt ordforråd, slik at dei slepp å kontrollere så godt som alle orda dei skriv i ein tekst. Høgfrekvente ord som spørjeord er eksempel på dette. Globalskoleelevar kan lese tekstar på begge målformene både i KRLE, samfunnsfag og norsk, og dei kan også skrive heile eller delar av innleveringsoppgåvene på nynorsk. Har grunnskoleelevar nynorsk som hovudmål, startar den skriftlege opplæringa i 1. trinn. Sidemålsopplæringa for dei som har nynorsk som sidemål, kan no ta til i 5. trinn (Læreplan i norsk (NOR1-05), 2013). Når elevane les og skriv ofte på nynorsk, byggjer dei etter kvart opp og utvidar ordforrådet dei kan nytte i tekstane sine.

Å lese og skrive nynorsk

Askeland & Falck-Ytter seier at det er gjennom skriving elevane viser kva dei kan om nynorsk.

Den eine formelle vurderinga dei får i faget, skal vere bygd på skriftleg kompetanse. Og vegen til å få høg kompetanse i sidemålet går ikkje berre gjennom å skrive sjølv, men vel så mykje gjennom å lese gode nynorsktekstar (eller eventuelt lytte til slike). (2010, s. 105)

Skriveopplæring tek tid. Askeland & Falck-Ytter meiner elevane bør skrive kort og ofte (2010, s. 105). I Globalskolen ligg det godt til rette for at elevane både kan lese og skrive på

nynorsk i alle dei tre faga vi gjev undervisning i. Mest nynorsk skriv dei som har denne målforma som hovudmål.

Opplæring som gjev resultat

I Noreg har om lag 12,2 % av grunnskoleelevane nynorsk som hovudmål (Statistisk sentralbyrå, 2015). 96,6 % elevane i Globalskolen har nynorsk som sidemålet sitt. Kvart år er det om lag 500 elevar som sluttar i Globalskolen. Mange av desse flytter heim til Noreg, og ledige elevplassar vert fylte opp av nye elevar. Når elevane kjem til 10. trinn i Globalskolen, har dei med seg haldningar, kunnskapar og ferdigheiter. Somme kjem rett frå norsk grunnskole. Andre kan ha vore elevar i Globalskolen i eitt eller fleire semester. Det finst òg elevar som ikkje har hatt opplæring i norsk på fleire år.

Negative haldningar til sidemålet møter vi av og til både frå elevar og føresette. Fleire meiner at det er best å sløyfe heile sidemålsopplæringa. I ei masteroppgåva skriv Bjørn Slettemark følgjande: «Jeg har tidligere beskrevet holdnings- og motivasjonsproblematikken knyttet til nynorsk som sidemål som en ond sirkel, hvor lærerholdninger, opplæringspraksis og elevholdninger står i et gjensidig påvirkningsforhold» (2006, s. 96).

Synnøve Skjong seier at kunnskapen om og haldninga til nynorsk som læraren har, spelar ei avgjerande rolle for læringsutbyttet av sidemålsundervisning (2011, s. 78). «Kvaliteten på læraren er mest avgjerande for gode resultat i klasserommet», fann professor John Hattie ved Auckland-universitetet i verdas største studium over kva det er som gjev betre læring for elevane (Fretland & Søyland, 2013, s. 10).

Læreplanen og retningslinjene for kompletterande undervisning seier ikkje noko om kor stort omfang det skal vere på sidemålsopplæringa. Måla for sluttkompetansen etter 10. trinn er likevel tydelege nok. Hjalmar Eiksund ved Nynorsksenteret er oppteken av at språklæring tek tid – ofte fleire år. «Læreplanen (2013) tydeleggjer korleis ein skal undervise i sidemål tidleg, og tek dermed på alvor at opplæringa i både bokmål og nynorsk er læring av to nære, men likevel ulike skriftspråk.» (2016). Det bør både Globalskolen og grunnskolar i Noreg ta på alvor. Skal 10. trinn kunne gjere arbeidet med godt resultat, er vi avhengige av at andre trinn i Globalskolen og/eller skular i Noreg har arbeidd i tråd med kompetansemåla i læreplanen før elevane møter norskfaget i klassen vår. På same måte er ungdomsskolar og vidaregåande skolar i Noreg avhengige av at Globalskolen forstår at nynorsk er ein viktig del av norskfaget når eleven har denne målforma som sidemål.

Oppsummering

Nettelevane i 10. trinn er elevar i to skolar – lokal skole og Globalskolen. Daglegspråket er for det meste eit anna enn norsk, og arbeidsdagane er lange. I Globalskolen skal elevane lære nynorsk, anten som hovudmål eller sidemål. Det gjer dei fleste 10. klasse-elevane i helgene. At om lag 95 % av elevane fullfører kvart semester, meiner eg er svært bra.

Skal elevane bli gode til å skrive nynorsk, bør dei ha gode språklege førebilete i det dei les, og dei bør skrive ofte. Eg har stor sans for prosessorientert skriving med digitale tilbake- og framovermeldingar. Når det gjeld korrekt nynorsk, er eg overbevist om at motivasjonen for å utvikle ein tekst er vesentleg større undervegs i ein skriveprosess enn etter at teksten er levert, retta, sluttvurdert og eventuelt publisert. Arbeidsmåten kan hjelpe elevane med å utvikle fleire sider ved tekstane sine. I Globalskolen er det også mogleg å gje vurdering på innleveringar elevane har arbeidd med på eiga hand. Ei viktig utfordring er å få dei til å bruke tilbake- og framovermeldingar dei får på alle arbeid.

«Alle planer om å utvikle og forbedre skolen vil mislykkas utan kompetente, engasjerte og ambisiøse lærere og skoleledere. De er skolens viktigste ressurs» (St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*, s. 4). Læraren i 10. trinn må etter mitt syn sjølv kunne norskfaget godt, ha gode haldningar til undervisningsoppdraget og kunne spele på eit stort repertoar av digitale verktøy, verkemiddel og ressursar. Ikkje mindre viktig er det å møte eleven der han er, ha tru på at han kan lære og motivere han til å gjere seg umak for å nå høgare mål. Auka meistring kan gje arbeidsglede. Det kan gje motivasjon for heile tida å vere undervegs mot nye læringsmål.

Litteraturliste

- Apertium. (2016). En fri/åpen kildekode maskinoversettelsesplattform. Henta 20.11.2016 frå <https://www.apertium.org/index.nob.html?dir=nob-nno#translation>
- Arnesen, S. (2016, 27.09.) Innlegg om fremtidens norskfag. Henta 20.10.2016 frå <https://vimeo.com/album/4167502/video/184493579>
- Askeland, N. & Falck-Ytter, C. (2010). *Nynorsk på nytt*. Bergen: Fagbokforlaget
- Dyste, O. (2008). Klasseromsvurdering og læring. Henta 20.11.2016 frå http://www.udir.no/PageFiles/Vurdering%20for%20laring/Dokumenter/Bibliotek/2/BedreSkole-4-08_Dysthe.pdf
- Fretland, J. O., & Søyland, A. (2013). *Rett og godt. Handbok i nynorskundervisning*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Gamlem, S. M. (2014, 27.10.). Vurdring for læring – opplæring for vaksne. Henta 12.10.2016 frå <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Barnehage%20og%20oppl%C3%A6ring/Arrangement/Vaksenoppl%C3%A6ring/lysark%20Geiranger%2027-291014%20-%20Vurdering%20for%20l%C3%A6ring%20-%20Siv%20M.%20Gamlem.pdf>
- Globalskolen. (2016). Norsksidene. Henta 19.11.2016 frå www.norsksidene.no
- Globalskolen (2016). Norsksidene. Genitiv. Henta 19.11.2016 frå <http://www.norsksidene.no/web/PageND.aspx?id=99144&lang=nn-NO>
- Guttormsgard G., & Skaug, J. H. (2014). Dataspill i skolen. Henta 21.11.2016 frå https://iktsenteret.no/sites/iktsenteret.no/files/attachments/spill_i_skolen_-_sikt-notat_nr_1.pdf
- Hognestad, J.(2013). Norske setninger. Henta 21.11.2016 frå <http://ndla.no/nb/node/122829?fag=116784>

- Hoaas, K. A. (2009). Hvorfor skal vi bry oss om særskriving? Henta 20.11.2016 frå <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraknytt-2009/Spraaknytt-22009/Hvorfor-skal-vi-bry-oss-med-sarskriving/>
- Håland, A., & Lorentzen T. (2007). *Dialog om tekst. Praktisk arbeid med elevtekster i norskfaget*. Oslo: Universitetsforlaget
- Håland, A. (2016). *Skrivedidaktikk. Korleis støtte elevane si skriving i fag?* Oslo: Universitetsforlaget
- Kunnskapsdepartementet. (2015, 20.03.). Tilskudd til kompletterende undervisning, kap. 228 post 78. Henta 22.11.2016 frå <http://www.udir.no/Filer/Regelverk/Tilskudd/Retningslinjer-tilskudd-kompletterende-undervisning-revidert-20-mars-2015.pdf?epslanguage=no>
- Nynorsksenteret. (2016) Eit tydeleg sidemål for grunnskolen. Henta 27.11.2016 frå <http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-for-skulen/lareplan/nynorsk-som-sidemal/nynorsk-som-sidemal-i-grunnskulen>
- Proba samfunnsanalyse. (2014, 07). Undersøkelse av nynorsk som hovedmål. Henta 20.11.2016 frå http://www.udir.no/globalassets/upload/forskning/2014/probarapport-2014-07-undersokelse-av-nynorsk-som-hovedmal_med-justerte-tabeller.pdf
- Regjeringen. (2004). (St.meld. nr. 30 (2003–2004) Kultur for læring. Henta 22.11.2016 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-030-2003-2004-/id404433/>
- Skjong, S. (2011). Lærarkompetanse: Nøkkelen til god nynorskopplæring. I: Kolberg, B. & Skjong, S. (Red.), *Norsk = nynorsk og bokmål. Ei grunnbok om nynorsk i skolen*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Slettemark, B. (2006). Nynorsk som sidemål: Lærerholdninger og opplæringspraksis i grunnskolen i Oslo. Masteroppgave i norskdidaktikk. Henta 21.11.2016 frå http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Hele_oppgaven.pdf

Språkrådet (s.a.). Aktiv og passiv. Henta 16.10.2016 frå

<http://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Skriverad/Kutt-kansellistilen/nynorsk-sprakforing/Aktiv-og-passiv/>

Språkrådet. (2015, 03.02.). Bruk Nynorskordboka og Bokmålsordboka på nett til eksamen.

Henta 27.11.2016 frå <http://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/hva-skjer/Aktuelt/2015/bruk-nynorskordboka-og-bokmalsordboka-pa-nett-til-eksamen/>

Språkrådet. (s.a.). Klarspråk – hva og hvorfor? Henta 19.10.2016 frå

<http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Det-offentlige/Klarsprak/>

Språkrådet. (s.a.). Konsekvent nynorsk. Henta 28.11.2016 frå

<http://www.sprakradet.no/Klarsprak/skrivehjelp/Skriverad/Kutt-kansellistilen/nynorsk-sprakforing/konsekvent-nynorsk/>

Språkrådet & Universitetet i Bergen. (s.a.). Nynorskordboka. Henta 12.10.2016 frå

http://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=+&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&nynorsk=+&ordbok= begge

Språkrådet. (2015, 02/03). Ny rettskriving i nynorsk. Henta 21.11.2016 frå

<http://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/Rettskrivingsreformer/nynorsknorm/>

Statistisk sentralbyrå. (2015, 01.10.). Elevar, etter elevens målform og fylke. Henta

20.9.2016 frå <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utgrs/aar/2015-12-11?fane=tabell&sort=nummer&tabell=249035>

Utdanningsdirektoratet. (2016, 21.03). Forberede og ta eksamen. Henta 12.10.2016 frå

<http://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/forberede-og-ta-eksamen/#hjelpemidler>

Utdanningsdirektoratet. (2015, 03.09.). Hva er undervisvurdering? Henta 12.10.2016 frå

<http://www.udir.no/laring-og-trivsel/vurdering/om-vurdering/undervisvurdering/>

Utdanningsdirektoratet. (2013, 01.08.). Læreplan i norsk (NOR1-05): Henta 12.11.2016 frå

<http://www.udir.no/kl06/NOR1-05>

Vinje, F-E. Bedre norsk. De ti språkvettreglene. Henta 19.10.2016 frå
https://is.muni.cz/el/1421/jaro2014/NOI_121/VARIA.pdf